

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

ÅRSRAPPORT 2015



Assurance
in Social Services

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Innhald:

1. Innholdslista.....	side 2
2. Forord.....	side 3
3. Føremål, visjon og verdiar.....	side 4
4. Organisasjonen.....	side 5
5. Kompetansekrav, kompetanse og komp.heving.....	side 8
6. Rammer og godkjente plassar.....	side 10
7. Avdelingane.....	side 11
8. Samarbeid.....	side 13
9. Kontrollar, sertifisering, rapportar m.m.....	side 13
10.Resultat.....	side 14

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Forord

Aufera AS hadde 10 års jubileum i 2015. Dette vart markert med ein stor artikkel i ei av lokalavisene, og begge lokalavisene våre hadde flotte helsingsslysingar. Me opplevde at mange set stor pris på oss, og kjende at denne markeringa gjorde godt.

2015 vart eit utfordrande år for Aufera. NAV sa opp avtalen om APS-plassar (Arbeidspraksis i skjerma verksemd) frå 01.07.2015. Grunngevinga var at treningsarenaene til Aufera ikkje samsvara i tilstrekkeleg grad dei krava brukarane møter i den ordinære arbeidsmarknaden. Samstundes mista me fleire større avtalar om oppdrag. Også Aufera merka nedgangen i næringslivet, og samla sett var det noko mindre aktivitet, særleg på vaskeriavdelinga. Dette gjorde at Aufera måtte sei opp ordinært tilsette. Aufera hadde ei vakant stilling. Denne vart det ikkje tilsett nokon i. I tillegg vart to stillingar sagt opp. I denne prosessen vart kjøkkenet lagt ned. Ingen av dei som har VTA-plass mista arbeidet sitt, men vart flytta til andre avdelingar. Omstilling og endringar må til. Kanskje kjem ein styrka og betre ut av slike prosessar?

På julebordet i desember kom alle tre ordførarane i dei tre eigarkommunane våre. Ikkje mange verksemdar kan skryta av det. Det sette me stor pris på. Me opplever at både dei som jobbar på Aufera, familiane våre, kundane våre og mange andre set stor pris på verksemda og ynskjer oss alt godt.

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Føremål, visjon og verdier

Føremål:

Verksemda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming. Å gje meningsfylt arbeid utifrå den enkelte sine føresetnader.

Arbeidet skal vera med å vedlikehalda og utvikla den enkelte sine ressursar og kompetanse.

Visjon:

Me skal utvikla oss vidare gjennom ein meningsfull kvardag med tilpassa arbeidsoppgåver og auka meistringkjensla.

Verdier:

Trivsel

Me ynskjer å ha det kjekt saman på arbeid og kunna gleda oss til å gå på jobb.

Me viser respekt for kvarandre og aksepterer at me er ulike.

Me har og respekt for arbeidsplassen, utstyret vårt og kundane våre.

Me er positive til kvarandre og til nye utfordringar. Frå at me seier god morgon og «ser kvarandre», til at me er positive i kontakt med kundar og samarbeidspartar.

Kvalitet i alt me gjer

Me skal levera rett produkt og teneste til rett stad og rett tid.

Kvaliteten skal gjenspeglast i alle arbeidsprosessane.

Mot

Me skal ha mot til å møte nye utfordringar og prøva nye ting.

Me tør å by på oss sjølve, tør å stå for noko, og ta eit val. Me har mot til å vera medmenneske og inkludera andre.

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Organisasjonen

Aufera AS
Mangersnesvegen 72
5936 Manger

Telefon: 55602472
E-post: post@aufera.no
<http://www.aufera.no>

Aufera AS er eit aksjeselskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Radøy.

Fordeling av aksjekapitalen er:

Austrheim kommune	37 %
Fedje kommune	16 %
Radøy kommune	47 %


Styrerepresentasjonen er 2 styremedlemmer til Austrheim, 1 styremedlem til Fedje og 2 styremedlemmer til Radøy.

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Organisasjonskart Aufera AS



Generalforsamlinga i perioden 2011 – 2015:

Austrheim	Helge Dyrkolbotn	vara:	Reidar Øksnes
Austrheim	Merete Tresvik	«	Joakim Kjenes
Fedje	Roy Asle Tunland	«	Kristin Handeland
Fedje	Hilde Koppen	«	Paul Gullsksen
Radøy	Morgan Taule	«	Birte Haugland Frotaule
Radøy	Silje Namtvedt	«	Bjarte Morken

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

« Karolina Vaktskjold

Generalforsamlinga vart halde 01.06.2015

Styret:

Fram til Generalforsamlinga:

Leiar:	John Bauge	Radøy
Nestleiar:	Grete Herøy	Fedje
Styremedlem:	Olav Mongstad	Austrheim
«	Solveig Lerøy	Austrheim
«	Johan Sandal	Radøy

Vara:	Terje Utkilen	Austrheim
«	Magnus Kvingedal	Austrheim
«	Vidar Bråthen	Fedje
«	Nina Kvamme	Radøy
«	Kirsti Floen	Radøy

Etter Generalforsamlinga var styret slik samansett:

Leiar:	Johan Sandal	Radøy
Nestleiar:	Grete Herøy	Fedje
Styremedlem:	Olav Mongstad	Austrheim
«	Solveig Lerøy	Austrheim
«	John Bauge	Radøy

Vara:	Mona M. Leikvoll	Austrheim
«	Magnus Kvingedal	Austrheim
«	Vidar Bråthen	Fedje
«	Kirsti Floen	Radøy
«	Rosalind G. Instebø	Radøy

Rådgevande utval

I avtalen Aufera gjer med NAV står det at ein skal ha møter med fast representant frå NAV, Rådgevande utval. Føremålet med desse møta er å fylgja opp einskildsaker. Oftast er Rådgevande utval møter mellom ein representant frå NAV og dagleg leiar. Aufera har valt eit litt anna vri på dette, sidan me har tre ulike kommunar å forhalda oss til.

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Rådgevande utval har vore:

Austrheim: Kristine Fanebust (fagleiar psykisk helse)

Fedje: Elisabeth Matre (psykiatrikoordinator og helsesøster)

Radøy: Bjarnhild Myhre (Barne og fam.tenesta i Radøy)

NAV: Linda Revheim (rådgjevar tiltaksavdelinga)

Aufera: Dagrún Gunnarson (attføringsansvarleg)

Aufera: Kari Smith (dagleg leiar)

Siste halvår har Arne Jakob Vik Olsen møtt frå NAV tiltaksavdeling, og utvalet har hatt ein person mindre då Aufera ikkje lenger har attføringsansvarleg.

Kompetansekrav/kompetanse og kompetanseheving

NAV stiller ein del krav til vår type verksemd. M.a. at det skal vera attføringsretta kompetanse, pedagogisk kompetanse og yrkesfagleg kompetanse (kravspesifikasjonen). Anna kompetanse ein treng/bør ha er kunnskap om sal og marknadsføring, økonomi/økonomistyring og rekneskap, leiingsfag og kompetanse om personalleiing, HMS/kvalitetsstyring, IKT-kunnskap og sjølvstøtt kompetanse på dei aktuelle arbeidsoppgåver og maskineri på avdelingane.

Pr 31.12.2015 hadde Aufera AS 5 ordinært tilsette.

3 arbeidsleiarar/instruktør

1 sjåfør

1 dagleg leiar

Arbeidsleiarane i Aufera har variert yrkesbakgrunn, og set m.a. på erfaring innan omsorgsarbeid, kriminalomsorg, psykiatri og innan rus. I samband med nedbemanninga mista Aufera ein del kompetanse.

Av formell kompetanse har Aufera m.a.:

Fagbrev kokk

Fagbrev blomsterdekoratør

Fagbrev barne- og ungdomsarbeidar

Fagbrev omsorgsarbeidar

Handel og kontorfag

Sosial-pedagog

Spesialpedagogikk

Vidareutdanning i coaching

Basiskurs i attføring

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Kompetanseheving:

Det var vore halde fylgjande kurs for alle tilsette med ekstern kursleiar i 2015:
Kosthald og livstil
Brannvernkurs
Ergonomi/bevegelse



Utover dette har det vore ordinært tilsette på kurs i:

Organisasjonsutvikling

«Nulltoleranse mot overgrep»

Omstilling og endring

Personal og arbeidsjus

Innovasjon i praksis

Vaskeriteknikk 2

«Flyktninger og innvandrere/språkopplæring og integrering gjennom arbeid»

Fagbrev i barne og ungdomsarbeidarfaget.

Det vart drive individuell språkundervisning og me hadde ei eiga språkgruppe så lenge me hadde APS-plassar. Etter at me mista dei, og nedbemanninga var gjennomført, hadde me ikkje lenger kapasitet til det. Trongen for ei slik gruppe vart og mindre.



Kurs om ergonomi

Frå den daglege trimmen

Rammer og godkjente plassar

I tida 01.01.2015 – 30.06.2015 hadde Aufera fylgjande godkjende plassar:

15 VTA
5 APS

8 personar var innom tiltaket APS fram til det var slutt på avtalen om APS 01.07.2015.

Det har vore 15 godkjende VTA-plassar heile året. Ved starten av 2015 var 16 personar inne og nytta 13,5 av dei godkjende plassane. Utover året kom det 4 nye inn på VTA, og 4 slutta. Soleis hadde ein ved utgangen av 2015 framleis 16 personar inne som saman nytta seg av 14,5 av plassane. I motsetnad til naboverksemdene som har ventelister, har Aufera stort sett hatt vanskar med å fylla opp dei 15 plassane med personar som fyller krav til VTA-plass.

I tida 01.07.2015 – 31.12.2015 hadde Aufera fylgjande godkjende plassar:

15 VTA

Utover dette har 2 personar hatt språkpraksisplass hjå Aufera. Verksemda har og avtale med Hordaland fylkeskommune om arbeidspraksis for elevar i vidaregåande skule. I 2015 var det første halvår 4 elevar som hadde arbeidspraksis. Hausten 2015 hadde 3 elevar arbeidspraksis.

Første halvår i 2015 hadde Aufera tilsett (alle i 100%)

3 arbeidsleiarar/instruktør
1 produksjonsarbeidar (skreddar) vaskeri
1 sjåfør
1 attføringsansvarleg/nestleiar
1 dagleg leiar

(1 arbeidsleiarstilling var vakant)

Ved utgangen av 2015 var det (alle i 100%)

3 arbeidsleiarar/instruktør
1 sjåfør
1 dagleg leiar

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Avdelingane

Verksemda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming.

VTA (Varig Tilrettelagt Arbeid) er for personar som har uførestønad, men ei restarbeidsevne. Tiltaket er ikkje tidsavgrensa. Det er varig, men skal jamleg vurderer utdanning, andre tiltak eller ordinært arbeid.

APS (Arbeids Praksis i Skjerma verksemd) er for personar som har fått nedsett arbeidseva og som har usikre yrkesmessige føresetnader. Tiltaket skal vera med å prøva ut den enkelte sine moglegheiter på arbeidsmarkedet og vera med å styrkja deltakarane sine moglegheiter til å koma i arbeid eller utdanning. Tiltaket er tidsavgrensa.

Inntak for begge tiltaka av nye arbeidstakarar skjer etter søknad og godkjenning av NAV.

Frå februar 2014 har all aktivitet vore lokalisert til bygget vårt på Manger.

Vaskeri

Vaskeriet vårt er eit vaskeri med barrieremaskin for å kunna innfri krava til vask av institusjonstøy. Med store og små har me om lag 80 kundar som får vaska arbeidstøy, matter og moppar, institusjonstøy, dukar m.m. I tillegg vaskar me ein del for private som dyner, ryer, dukar osv. Me tek og lettare reperasjoner som t.d. skifte av glidelås. Verksemda eig og leigar ut matter, arbeidskle og institusjonstøy. Me hentar og leverer til kundar i Austrheim, Lindås, Radøy og Meland. Også på Fedje har me faste kundar, men etter særavtale om henting og levering.

Verksemda har i mange år hatt eit samarbeid med ein del bibliotek i Nordhordland. Me sorterer og fraktar bøk mellom biblioteka. Også med IKT Nordhordland har me eit samarbeid der me fraktar datautstyr mellom kommunane og IKT Nordhordland.



AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Treavdeling/vaktmeistergruppa

Treavdelinga produserer ulike treprodukt som t.d. notkassar, trebenkar, blomsterkassar og ein del småprodukt. Avdelinga har og laga ein del pynteprodukt i betong. Tidlegare har ein og hatt litt vaktmeisteroppdrag for andre, men det har det vore mykje mindre av i 2015.



Kjøkken

Fram til oktober i fjor hadde me kjøkken som kunne tilby lunsj til dei som jobba her i tillegg til produksjon av lefser, flatbrød, knekkebrød, kaker og diverse urteprodukt. Kjøkkenet leverte og ein del møtemat. Her var og samarbeid om sal av produkt frå andre lokalprodusentar.



AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Samarbeid

Årleg har verksemda ei brukarundersøking, ei undersøking retta mot NAV, ei mot ordinært tilsette og ei kundeundersøking. Årsaka er at me må rapportera inn vidare resultatata til Attføringsbedriftene og ASVL (vekstbedriftene sin organisasjon). Men også fordi vil ynskjer å forbetra oss heile tida. For å gjera det må me ha tilbakemeldingar frå dei me samarbeider med. Me opplever at me får gode tilbakemeldingar frå alle hald. Sjølv sagt og ting me kan gjera betre, men at samarbeidet fungerer godt.

Resultat av avvik, klager og LEAN i 2015 var 4 klager, 49 avvik og 82 LEAN-forslag der 56 er gjennomført. Dette er ein nedgang frå tidlegare år, men truleg fordi me har vore mindre flink å dokumentera avvik og munnlege klager.

Ein del av dei som jobbar hjå oss har ansvarsgruppe der me samarbeider godt med andre som lege, psykolog, NAV, familie, skule og andre frå hjelpeapparatet. Rådgjevande utval er eit anna samarbeidsfora som fungerer godt. Me opplever eigarane våre som stolte eigarar.

Det har i mange år vore eit godt samarbeid med dei andre tiltaksbedriftene i Nordhordland. Det er faste leiarsamlingar der me utvekslar erfaring, me hjelper kvarandre når det trengst og me har felles kurs for ordinært tilsette.

Kontrollar, sertifisering, rapportar m.m.

Kontrollutvalet i Fedje kommune bestilte Eigarskapskontroll av Aufera AS. På bakgrunn av det gjennomførte Nordhordland Revisjon IKS den i 2015. Me opplevde kontrollen som konstruktiv og lærerik, og vil ta tak i dei tilrådingar me fekk på forbetringar.

eQuass Assuranse er eit europeisk system for kvalitetssikring av velferdstenester med ekstern revisjon og sertifisering. Den gjer tenestelevrandørar i velferdssektoren moglegheit til å sikra kvaliteten av tenestene overfor brukarar og andre samarbeidspartar. Arbeids- og velferdsdirektoratet har sett krav om kvalitetssikring med ekstern revisjon og sertifisering for å kunna drifta ein del av arbeidsmarknadstiltaka. Aufera har som mange andre vekst og attføringsverksemdar valt eQuass som system. Me vart første gang godkjent i 2011, og må ha ny sertifisering annakvart år. Det er ei omfattande sertifisering som krev mykje av verksemda. Aufera hadde ny sertifisering i november 2015, og er på ny godkjend. No fram til 3.desember 2017. Rapporten frå eQuass kjem og med nokre innspel til forbetring.

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

I 2015 har Aufera fått hjelp av Nordhordland Næringshage AS og Cambio AS til å sjå på ny strategi for Aufera As. Det ligg føre to rapportar på dette arbeidet.



Frå ein av turane våre etter arbeid

Resultat av attføringsarbeidet

Etter det me kjenner til har ingen av dei som har vore i APS-tiltaket siste året fått seg ordinært arbeid. Tilbakemeldingane har likevel vore gode, med det meiner eg dei fleste har hatt ei utvikling og kome vidare i attføringsløpet. Det gjeld også VTA-tiltaket der heller ingen har fått seg ordinært arbeid.

Tilbakemeldingar frå dei som har VTA-plass er tydleg på at dei får auka livskvaliteten sin vesentleg med å vera på Aufera. Ei lokalavis var i haust og skreiv ein reportasje om verksemda. Dei som vart intervjuja var tydleg på at Aufera var svært viktig i livet deira.

Fellesaktivitetar som «Blåtur», julebord og fellesturar etter arbeid er og tiltak som er med på det.

Samla sett har 2015 vore eit tøft og utfordrande år. Trass nedbemanning og store endringar har me tru på framtida. Me opplever at Aufera har eit godt omdømme og me som jobbar her er stolt av arbeidsplassane våre.

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

Frå julebordet vårt, eit av høgdepunkta i året



Manger, 16.02.2016

Kari Smith

Dagleg leiar